



Badinga heldt fram heilt til midnatt

Jonsokkvelden var mellom 40 og 50 personar samla til bålbrenning og feiring av den flotte midtsommarmkvelden i stranda i Gullvikjo. Frå det starta i sjutida og utover kvelden var stemninga god, og både store og små hadde det svært så koseleg, - ein skikkeleg familiefulltreffar!

Mellom dei mange barna var det stor aktivitet. Bading var sjølvsagt populært, og det strekte seg utover heile kvelden. I følgje rapportane steig sjølvsagt temperaturen i vatnet merkbar etter som kvelden seig på, og då det nærma seg midnatt vart det uttrykt som kjempevarmt. Vi vaksne, som hadde tydd til ekstra kle, trur nok det var godt å varma seg frå strålane frå bålet då dei kom på land.



Bålet hadde Jan Berntsen, Arvid Hjelmeland, Oddmund Soldal og Arild bakka ordna med.

Innimellom badinga var det stor aktivitet mellom dei yngre. Leikeaktivitetar som høyrer den perfekte kombinasjonen av jonsokfeiring og strandliv til. Dei yngste imponerte med dei flottast tårn og byggverk i skjelsanden. Her var det mange ivrige og talentfulle ingeniørspirer å sjå.

Krabbefanging var og både spennande og samlande for mange. Godt å høyre dei fornøgde småhyla då "storkrabben" var sikra, og ein heil flokk var rundt på visning til resten av folket. Ein av ungdommane nytta deler av tida til fising frå stupebrettfundamentet. Fornøgd var også han då han kunne landa etterlengta fisk.



Grilling var sjølvsagt ein sentral post på programmet.

Mange festlege samanhengar har sin heidersgjest. Så også her. Pus frå Sveio, ein nydeleg liten kattunge, måtte i det minste oppleva det slik. Staseleg vart den frakta til stranda i ei rosa dokkevogn tilhøyrande Marit Bakke, - og etter kom beundrarane på rekkje og rad. I dei påfølgjande timane på stranda var han svært så omsverma. Det verka som også han nytte kvart sekund der han utstrålte trivsel og ro.

Alle dei fornøgde og glade barna gjorde kvelden til ein fulltreffar også for dei vaksne. Dei kunne lena seg tilbake,

slappa av og preika medan dei nytte trivselen som avkommet viste. Måseskrik, bølgeskvulp og varmen frå bålet understreka den gode stemninga. Stundevís var det mest som ein høyrde element frå Ketil Bjørnstad sin nydelege "Sommernatt ved fjorden".

Dessutan vart det nytt god grillmat. Initiativstakarane hadde m.a. rigga til ein stor fellesgrill.



Sandslottbygging og andre leikeaktivitetar var populært. Silje, Stine og Andrea var både blant dei ivrigaste og flinkaste.

Den flotte kvelden kom i stand takka vere at Arvid Hjelmeland (med traktor), Jan Berntsen, Oddmund Soldal og Arild Bakke hadde brukt deler av laurdagen til førebuing, og til å få på plass eit flott bål. Mange takk til dei fire frå alle oss andre.

Elles er det kjekt at stranda har fått ei oppgradering i år. Korsnes Vel har sytt for rydding og legging av ny skjelsand. Dette gjer stranda endå meir freistande. Jammen er vi heldige i Korsnes som har ei slik perle berre minuttars gange frå utgangsdøra!

Tekst og foto: Thor Inge Døssland



Heidersgjesten Pus frå Sveio var populær og omsverma. Frå venstre Martin, Kaja, Katrine, Emil og Joakim